

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 19.11.2008 **Tid:** 14.00 – 17.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7 , inkl. varamenn:

Andre som var tilstade på møtet:

Leiar av teknisk eining Erstad, avd. ing. Sandvik og adm.sjef Ramsli

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 20.11.2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit viste til vedtak om riving av ulovleg oppførte bygg. Han etterlyste kva som har skjedd med vedtaket knytt til bygg i Kvitingen.

Leiar av teknisk eining orienterte om kontakt med advokat. Konklusjonen er at naturutvalet må få seg førelagd denne saka på nytt.

Sigmund Dyrhovden lurte på kva som skjer med arbeidet med å få straumen ut av bygda.

Adm.sjef orienterte om eit møte ordførar og adm.sjef var på i Øystese der BKK ga informasjon om planane for forynings-/overføringslinjer mellom Hardanger og Bergen. På dette møtet vart det frå Samnanger kommune si side bedt om at trafo-en i Børdalen, som vil hjelpe på problemet vert prioritert.

Samnanger kommune er saman med Vaksdal kommune bedt inn til møte med BKK for å drøfta planane deira for bygging av ny linje frå Samnanger til Vaksdal. Møtet er 25. nov. 08.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Samnanger kommune har fått tilbod om ein paviljong frå Bergen Arkitektforening. **Paviljongen** er ført opp i samband med foreininga sitt 100-årsjubileum, er laga i tremateriale der dette er brukt på ein ny måte. Paviljongen skal no fjernast frå Bergen sentrum. Personal- og økonomiutvalet har stilt midlar til disposisjon slik at den kjem til Samnanger. Det er søkt samarbeid med vegvesenet om ei plassering på Gullbotn.
- **Reguleringsplan for Kvitingen.** Leiar av teknisk eining og Sture Tveit som repr. for naturutvalet orienterte om drøftingsmøte med fylkesmannen. Med på dette møtet var også utbyggjar.
- **Tilsettingar** på teknisk eining. Slik det ser ut i dag vil me ha personale i alle stillingane på teknisk medio februar 2009.

Strandsoneplanen

Det vart vist til fylkesmannen sin uttale til strandsoneplanen dagsett 10. november 2008.

Merknadene er så pass omfattande at administrasjonen har vurdert det som problematisk å leggje saka fram for utvalet. Fylkesmannen vil ikkje godkjenna planen slik han no ligg føre evt. med visse korrigeringar. Utvalet vart bedt om å drøfte vidare prosess.

Utvalet konkluderer med at me set planen på vent til ny planleggjar tek til i jobben – medio februar -. Ut frå hennar kompetanse og kunnskap legg me opp ein prosess med føremål å få strandsoneplanen godkjend i løpet av våren 2009. Om det evt. er aktuelt å kjøpa konsulenttenester på delar av jobben, må avklarast tidleg, og det må i så fall søkjast om tilleggsløyving.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0063/08	06/00551 SØKNAD OM BRUKSENDRING GNR. 27, BNR. 33 PÅ TYSSE
0064/08	08/00304 KLAGE PÅ VEDTAK OM BYGGING AV PRIVATE STIKKVEGAR I BØRDAL.
0065/08	08/00311 KLAGE PÅ DELINGSSAK GNR 32, BNR 3. FRITIDSEIGEDOMMAR KVITINGEN

0063/08

SØKNAD OM BRUKSENDRING GNR. 27, BNR. 33 PÅ TYSSE

Framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 87 vert det gjeve bruksendring frå kafe til bolig i 2.etg på Gnr. 27 Bnr. 33 på Tysse.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 87 vert det gjeve bruksendring frå kafe til bolig i 2.etg på Gnr. 27 Bnr. 33 på Tysse.

0064/08

KLAGE PÅ VEDTAK OM BYGGING AV PRIVATE STIKKVEGAR I BØRDAL.

Handsaming i møte:

Bjørn Sævild sette fram slikt framlegg til vedtak:

Klagen taes til følge.

Med heimel i PLB 93 vert det gjeve byggjeløyve for to stikkvegar.

Med heimel i PLB 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Klagen taes til følge.

Med heimel i PLB 93 vert det gjeve byggjeløyve for to stikkvegar.

Med heimel i PLB 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen.

0065/08

**KLAGE PÅ DELINGSSAK GNR 32, BNR 3.
FRITIDSEIGEDOMMAR KVITINGEN**

Framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for deling i LNF område.

Med heimel i plan og bygningslova § 63 vert det gjeve delingsløyve på Gnr. 32 Bnr 3, parsell 1 etter kart datert 12.06.08. Størrelsen på parsellen må reduserast til ca. 1 mål, tilpassa terrenget.

Det vert ikkje gjeve løyve til å byggja bilveg fram til eigedomen, det må dokumenterast rett til framkomst over naboeigedomen, samt rett til oppstillingsplass for 2 bilar.

Deling kan ikkje godkjennast etter jordlova § 12

Vedr. opplysningar om klagerett på vedtaket vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29- 32 og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå De mottok vedtaket,

Handsaming i møte:

Det vart røysta over tilrådinga punktvis.

Utvalet røysta samrøystes for framlegg til vedtak etter PLB.

Utvalet røysta samrøystes for at deling kan godkjennast etter jordlova § 12. Utvalet ser ikkje at deling vil føra til særlege drifts- og miljømessige konsekvensar for landbruket herunder beiting i området.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for deling i LNF område.

Med heimel i plan og bygningslova § 63 vert det gjeve delingsløyve på Gnr. 32 Bnr 3, parsell 1 etter kart datert 12.06.08. Størrelsen på parsellen må reduserast til ca. 1 mål, tilpassa terrenget.

Det vert ikkje gjeve løyve til å byggja bilveg fram til eigedomen, det må dokumenterast rett til framkomst over naboeigedomen, samt rett til oppstillingsplass for 2 bilar.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12. . Utvalet ser ikkje at deling vil føra til særlege drifts- og miljømessige konsekvensar for landbruket herunder beiting i området.

Vedr. opplysningar om klagerett på vedtaket vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29- 32 og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå De mottok vedtaket,